

ÅRSORIENTERING 2020

FERKINGSTAD KYRKJELYD



Ferkingstad
kyrkjelyd

Berit Adland
Berit Adland
Rådsleiar

Ole Thomas Fidjeland
Ole Thomas Fidjeland
Dagleg leiar

VEDLAGT:
Årsstatistikk 2020
Årsrekneskap 2020

ORIENTERING FRÅ RÅDSLEIAR

OM SOKNERÅDET SITT ARBEID

Etter å ha sagt ja til å stilla til nytt sokneråd september 2019, vart eg valgt inn i Ferkingstad sokneråd for perioden 2019-2023.

I årsmeldinga for 2019 skreiv eg at me var privilegerte som har ei kyrkje å gå i. Både i sorg og gleda.

Eit nytt år byrja og me kunne skriva 2020.

Alt var som «normalt» heilt fram til mars månad.

Då blei heile Noreg stengt ned. dette på grunn av eit virus; SARS-Cov-2 (Covid 19). Alle arrangement som var planlagt måtte avlysast. Å møta fysisk blei frarråda. Møta i soknerådet blei heldt på nettet ved Teams. Det vart ei ny utfordring for oss alle.

Etterkvart så letta restiksjonane noko og me kunne igjen møta fysisk til møter i soknerådet.

Eg vil seia takk til alle i soknerådet, som på ein god måte har klart utfordringane me har stått i.



Soknerådet har tilsaman hatt 10 møter og 49 saker har vore til behandling.

Ei viktig sak gjennom heile året har vore tvisten mellom Ferkingstad sokn og Overføringsavtalens Sikringsordning om kvens som bærer forpliktingane til pensjonsavtalane etter Kyrkjebakken Barnehage. Dette har vore, og er framleis, ein krevjande og komplisert sak som soknerådet helst skulle vore forutan. I den siste tida har denne saka også fått noko omtale i avis. Ettersom soknerådet tidligare har opplevd at offentlig tilgjengelege kommentarar har blitt brukt mot soknet i denne saka, ser soknerådet det som naudsynt å vara tilbakehalden med ytterligare kommentarar om saka så lenge denne er til behandling hos domstolane. Me håpar at kyrkjelyden kan visa forståelse for dette.

Under viser ein oppsummering av kva saker som har vore til behandling i soknerådet gjennom året.

Berit Ådland
Soknerådsleiar



RÅDSARBEIDET

FERKINGSTAD SOKNERÅD (PERIODE 2019 - 2023)

Berit Ådland	(SR-leiar)
Nora Solli	(SR-nestleiar)
Inghild Skeiseid Nordbø	(KKF-rep)
Odd Egil Sørheim	(KKF-rep vara)
Berit Stonghaugen	
Linda Larsen Meistad	
Thor André Lindstad	(sokneprest)
Arnold Vågen	(1. vara)
Ole Christian Handeland	(2. vara)
Aud Sølvi Vikra Larsen	(3. vara)
Linda Sønnøve Larsen	(4. vara)
Kenneth Nordbø	(5. vara)

SR: Sokneråd

KKF: Karmøy kyrkjeleg fellesråd

SAKSBEHANDLING I SOKNERÅDET

Ferkingstad sokneråd har i 2019 hatt 10 møter og har behandla 49 saker. Blant anna:

- Kjøla på Kyrkjebakken
- Evangeliske møter i 2020
- 50års jubilé for Fredtun i 2020
- Revisjon av utleiereglement
- Orientering til Kyrkjelydsmøtet
- Tilsetting av ny prost i Karmøy.
- Molinardagar frå og med 2021.
- Korkonseptet «HEL» for personar med utviklingshemming.
- Mogleg alpha-kurs i 2021
- Smittevernregler og smitteverntiltak
- Lokal Konf.Action på Åkra.
- Disponering av Kyrkjebakken.
- Lokal gudstenesteordning
- Ny kyrkjeleg organisering av DNK.
- Rettssak i Haugaland Tingrett mellom Ferkingstad sokn og Overføringsavtalens Sikringsordning
- Møteplan for soknerådet
- Tildeling av takkoffer
- Val av rådsleiar og rådsnesteiar for det neste året.

UTVALSARBEIDET

HUSSTYRET

Husstyret har hatt jamlege møter kor me har kartlagt, planlagt og gjennomført vedlikehald og opprusting av Kyrkjebakken. Me har fått byttet ut kjøleaggregatet slik at kjøla nå kan brukas. Denne har vi fått sponsa. Elles har det vert gjort forfallande vedlikehald så som lyspærer og utandørs stell.

Husstyret har justert utleigeprisane for 2021. Nye satsar er Minnemøte kr. 1.700,- Andre tilstellingar kr. 3.500,- . Vask er inkludert.

Det blei mottatt gåve frå Skudeneshus & Åkra sparebank på kr. 15.000,- til aktivitet.

Husstyret planlegg og arrangerer Open kveld. I 2020 har dette derimot vorte vanskeleg å gjennomføra på grunn av gjeldande smittevern reglar. Me merkar etterspurnad etter dette arrangementet og håpar på snarleg oppstart igjen.

Kyrkjebakken har hatt nok utleie i forbindelse med konfirmasjonar og minnemøte ved gravferd. Konfirmasjonsopplæring og babysong er aktivitetar som har vorte gjennomførte på Kyrkjebakken.


I 2020 har fylgjande personar vore engasjert i utvalet:

John Roger Midtun (komitéleiar), Mette Midbøe, Jane Sandve, Sigmund Dyrland, Irene Tveit og Berit Ådlan

FREDTUN

Ferkingstad sokneråd er medeigar i landstaden Fredtun og eig halvparten av tomta, mens Falnes menighetsråd eig den andre ideelle halvparten.

Kyrkjelen har brukt staden til eige arbeid, særleg trusopplæringsarbeid. Tidligare har ein også hat oppstartsleir for konfirmantane på Fredtun. Denne blei av smittevernomsyn avlyst i 2020.



Driften av staden blir ivaretatt av ein eigen foreining som har eit eige styre. Ferkingstad sokneråd er medlem av foreningen, saman med Falnes menighetsråd. I 2020 var Ole-Christian Handeland representant for Ferkingstad sokneråd i Fredtunstyret.

Etter revisjon av vedtekten for foreningen for Fredtun høsten 2020, har foreningen følgende formål:

Formålet er å tilrettelegge for aktivitet for enkeltpersoner, menigheter og organisasjoner som vinner unge og gamle for Kristus, som fremmer kristenlivet og som er til oppbyggelse for lokalsamfunnet i Karmøy kommune.

Tilgangen til foreningens aktiviteter skal være den samme for alle mennesker såfremt brukerne respekterer foreningens formål.

All aktivitet skal foregå i trygge og rusfrie omgivelser. Foreningen skal fremme gode oppvekstsvilkår for barn og unge, etterstrebe tilrettelegging for personer som trenger det og arbeide for integrering og brobygging i lokalsamfunnet.


Videre vises det til foreningens egen årsmelding for 2020.

REDAKSJON FOR KYRKJELYDSBLADET TÅRNKLANG

Også i 2020 har redaksjonen sørgja for fire utgivingar av kyrkjelydsbladet Tårnklang;

1. nummer veka før påske.
2. nummer veka før St. Hans
3. nummer tidleg haust.
4. nummer veka før advent.

Tårnklang har haldt fram med dei faste spaltene som ein har opparbeida dei siste par åra. Dette kan me takka våre faste bidragsytarar Margit Vea, Lena Haga Malme og Jorunn Larsen Stueland for. Men også adle dei som har deltat i «salmestafetten» og dei som har bidratt med andaktar i bladet. Elles er det gledeleg at ein i 2020 også har fått tilført nye sponsorar utan at tidlegare sponsorar har falt i frå. I tillegg er det mange enkeltpersonar som bidrar med frivillige gåver



når det fylgjer giro i bladet, typisk i årets første nummer. Det er alle desse som har bidratt med både finansiering og innhald, som gjer at Tårnklang har stått seg i over 40 år. Takk skal dykk ha!

For innspel til blad eller anna innspel kan ein ta kontakt med redaksjonen per e-post
taarnklang@gmail.com.

I løpet av 2020 har følgjande personar vore engasjert i utvalet:
Geir Dale (redaksjonsleiar), Audhild Ekanger Stueland, Gunnar Stueland og Ole Thomas Fidjeland
(dagleg leiar i kyrkjelyden).

ORIENTERING FRÅ DAGLEG LEIAR

OM ØKONOMI OG STAB I KYRKJELYDEN

Administrasjonsleiar / Dagleg leiar har i 2020 hatt følgjande roller i Ferkinstad kyrkjelyd:

- Soknerådsekretær (saksførebuar for soknerådet)
- Dagleg leiar i staben på vegne av soknerådet
- Administrasjonsleiar på vegne av kyrkjeverja i Karmøy
- Kyrkjelydsarbeidar

For enkelheits skyld nyttast tittelen *dagleg leiar* heretter.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Dagleg leiar har vore sekretær og saksførebuar for

soknerådet og har dermed oppmøteplikt på alle rådsmøta.

Dagleg leiar har hatt ansvar for oppfølging av saker

behandla i soknerådet. Dagleg leiar har hatt ansvaret for oppfølging av fordelt budsjett frå Karmøy kirkelig fellesråd og har vore kasserar for soknerådet.



Bilde av Atelier Fotograf Hemnes AS

Ved årsskiftet hadde kyrkjelyden kr 16 588,12 likvider i reserve. Årsrekneskapen viser eit driftsunderskot på kr 450 539,-. Det er difor ein klar sak at kyrkjelyden ikkje står godt stilt økonomisk.

Årsrekneskapen viser at den enkelposten som i styrst grad forklarar underskotet er konsulenttenester som er pålydande kr 503 139,78, og som under elles ordinære omstende ville vært kr 0. Denne utgelta er advokatbistand tilknytte rettstvist med Overføringsavtalens Sikringsordning (Sikringsordninga). Denne saka er heller ikkje ferdig ettersom soknerådet har anka avgjera i Haugaland Tingrett inn for Gulating Lagmannsrett. Ein kan difor vente at utlegga for advokatbistand fortsett å vekse ut gjennom 2021. Det endelege utfallet av saka vil avgjere storleiken på den faktiske kostnaden, sidan det er vanleg at taparen av saka blir idømt å dekke rettsomkostningane for begge partane i saka. Men retten har også moglegheit til å avgjere at desse kostnadane skal splittast, dersom reglane for slik splitting er oppfylt.

Elles kan ein også sjå effekten av SARS-Cov-2 pandemien i årsrekneskapen. Både på inntektssida og kostnadssida. I sum er utsлага på kostnadssida størst. Dette er gunstig for økonomien til kyrkjelyden, men er nok også ein trist refleksjon over alt det me ikkje fekk gjort i 2020 som me så gjerne skulle fått gjort.

PERSONALE

Dagleg leiar har hatt det daglege administrative ansvaret i kyrkjelyden og staben. Dei som er tilsett av Karmøy kirkelig fellesråd eller soknerådet, har dagleg leiar som nærmaste overordna. Dagleg leiar står derimot ikkje i linjeforhold til prestane, som har prosten som nærmaste overordna. Sjølv om tenestevegane er som skissert over, er soknerådet det øvste strategiske organet for kyrkjelyden, uavhengig av tenesteveg. Dagleg leiar handlar på vegne av soknerådet mellom rådsmøta.

Det har vore få stabsrelaterte endringar i 2020. Forutan om ein sjukemelding har 2020 stort sett vært ein kontinuering av det føregåande året. Likevel har det vært eit turbulent år med mykje fråvære og heimekontor. Dette har derimot lite med staben å gjøre, men med pandemien og SARS-Cov-2. Etter stenginga i mars har ein måtte drive kyrkjelyd frå veke til veke utan moglegheit for å kunne ha stor grad av tillit til langtidsplanar. Gjennom mesteparten av våren var det knapt nokre arrangement som kunne gjennomførast som planlagt, etter sommarferien vart det noko meir stabilt og ein kunne ha ein del arrangement med ein viss grad av forutsigbarheit, men framleis med mange og strenge

restriksjonar. Me har difor sett at tiltak kan gjennomførast på alternative måtar. Sjølv om dette ikkje er ideelt, har ein i det minste kunna vara kyrkjelyd, sjølv om det er på ein noko anna måte. Me har hatt TV-gudstenester, me har streama, delt mykje meir på sosiale medier, bygd møterommet på kontoret om til filmstudio og produsert digitale trusopplæringstiltak. Alt dette kan eg ikkje anna enn å rosa ein fantastisk stab for. Dei har vore kreative og løysningsorienterte. Sjølv når skiftande smittevernreglar og tvungent avstandsarbeid har skapt frustrasjon og vore trott til tider.

Som kyrkleiing er me kalla til å vara Kristi lekam, og det merkast når det er mykje som hindrar lemma frå å samlast og fungere som ein samla kropp. Må Gud gi oss styrke til å koma oss gjennom denne tida utan at me mistar fokus på Ham, Jesus, som er sjølve grunnen for alt som er viktig.

Ole Thomas Fidjeland

Dagleg leiar

OVERSIKT OVER TILSETTE I KYRKJELYDEN

Sokneprest (50%): Thor André Lindstad

Bookar (honorar): Irene Tveit

FELLES MED KYRKJELYDEN I FALNES:

Dagleg leiar (50%) / Kyrkjelydsarbeidar (20%):

Ole Thomas Fidjeland

Kyrkjetenar (70%) / Kyrkjelydsarbeidar (30%):

Jane Sandve

▪ *Sjukemeldt feb-des.*

Geir Sofus Sommerfeldt

▪ *Vikar for kyrkjetenar feb-des, timeb.*

Annabella Elie (reinhald)

▪ *Vikar for kyrkjetenar mai-des, timeb.*

Kantor (80%): Lars Inge Tjøstheim

Kateket (100%): Elin Grindhaug

Trusopplærar (50%): Rune Richardsen

Diakon (80%): Janne Kristine Eng

▪ *Permisjon i 80%*

Rune Richardsen

▪ *Vikar for diakon i 50%*

Nina Merita Eng

▪ *Vikar for diakon i 30%*

FELLES MED FLEIRE KYRKJELYDAR:

Kyrkjegardsarbeidar (100%): Edvar Kalstø

Kyrkjegardsarbeidar / ENØK (100%): Tor Helge Tjøstheim

ORIENTERING FRÅ SOKNEPRESTEN

OM GUDSTENESTELIVET I FERKINGSTAD KYRKJELYD

I «pandemiåret» 2020 deltok i gjennomsnitt 46 personar på kvar gudsteneste som vart feira i regi av Ferkingstad kyrkjelyd. Det er halvparten av året før, då 92 personar i gjennomsnitt deltok kvar gong det vart feira gudsteneste. Det er òg ein kraftig nedgang i kor mange som tok del i nattverden. For kvar gong det vart feira nattverd, deltok gjennomsnittleg 26 personar i sjølve nattverdfeiringa, mot 43 året før.

Det var korkje inn- eller utmeldingar i Ferkingstad sokn i 2020.

Talet på dei para som vart vigsla som mann og kone i 2019 var 1, ned frå 5 i 2018. Talet på døypte var i fjor 9 stk, 2 fleire enn i 2019. Det vart forretta 17 gravferder, som er ei auke på 13,3 %. Talet på konfirmantar var 9 i 2020, mot 12 ungdommar i 2019. Elles har trusopplæringa eiga rapportering.

Det vart samla inn ein god del mindre i takkoffer i kyrkja i 2020 enn i 2019, og det som til vanleg er ein årvisst dør til dør-aksjon til inntekt for arbeidet til Kirkens Nødhjelp rundt om i verda, vart i 2020 organisert digitalt. Det kom då inn kr. 12652, mot i 2019 kr. 16541.

Misjonsløpet vart i 2020 arrangert i Skudeneshavn sammen med Falnes kyrkjelyd. Ein fekk då inn kr. 6290, som er ei kraftig auke frå kr. 3350 i 2019.



Bilde av Atelier Fotograf Hemnes AS

ÅRSSTATISTIKKEN

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Dåp	9	8	14	8	7	7	9
Vigsler	4	5	4	4	4	5	1
Konfirmantar	14	11	14	15	16	12	9
Gravferder	11	18	15	16	12	15	17
Innmelde i Den norske kyrkja	0	0	2	0	0	1	0
Utmeldte av Den norske kyrkja	1	2	14	7	3	5	0
Gudstenester	27	25	29	29	27	26	24
Deltaking ved gudstenester	2 467	2 384	2 490	2 617	2 770	2 401	1 095
Gj.snittleg deltaking v/gudstenester	91	95	86	90	103	92	46
Talet på nattverdgjestar	706	594	900	741	864	690	369
Gj.snitt på nattverdgjestar for kvar nattverdfeiring	44	46	47	41	48	43	26
Takkoffer i kyrkja i alt	91 822	92 843	86 932	93 626	90 904	84 750	56 753
Av det til kyrkjelydsarbeidet	45 047	55 416	35 724	36 442	40 958	40 366	28 788
Prosentdel til kyrkjelydsarbeidet	49,1	59,7	41,1	38,9	45,1	47,6	50,7
Kirkens Nødhjelps dør-til-dør-aksjon	28 322	35 038	31 975	28 660	30 643	16 541	12 652 (digitalt)
Misjonsløp							
2014: Strømmestiftelsen	5 625	3 470	10 210	6 850	5 540	3 350	6 290
2015-2020: Prosjekt v/Den Norske Israelsmisjon							

Thor André Lindstad


Sokneprest

ORIENTERING FRÅ KATEKET OG TRUSOPPLÆRAR

OM UNDERVISNINGSARBEIDET I KYRKJELYDEN

Elin Grindhaug har hatt 100% stilling som kateket. Rune Richardsen har hatt 50% stilling som trusopplærar. Rune har også vore vikar som diakonomedarbeidar i 30% (50% frå august). Dette er ei samla årsmelding frå arbeidet til desse.

TRUSOPPLÆRINGSPLANEN «FRISKE SKUDD»



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA

Trusopplæringsplanen vår, «Friske skudd», er ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år. I trusopplæringsplanen står det kva for tilbod vi har til dei ulike aldersgruppene, altså frå 0-18 år. Dette skal ikkje vere kontinuerlege tiltak, men det som kallas punkttiltak eller breiddetiltak. Tanken og ønsket er at desse tiltaka skal nå ut til breidda, til alle medlemar i eit årskull, og at dei gjennom desse tiltaka også kan få lyst til å vere med på tilbod som går kontinuerleg i kyrkjelyden.

Kyrkjelyden har gjennom fleire år bygd opp trusopplæringsarbeidet. Dei siste tiltaka i planen skal setjast i verk i løpet av 2022. Planen er ikkje statisk, men i kontinuerleg revisjon.

Vi er svært glade for det gode samarbeidet vi har med skulen og Betania bedehus. Vi er også glade for at fellestiltaka vi har med Falnes har økt oppslutning og at Fredtun leirstad er i medvind. Fredtun er godt eigna til trusopplæring, og vi nyttar oss stadig meir av moglegitene Fredtun har å by på. Sjå til dømes det som står om Plan B Paulus og Camp Fredtun nedanfor.

Vi gler oss over den gode oppslutninga på m.a. Plan B-tiltaka. Det å vere saman med barna ein heil dag (8-16), i både undervisning og leik, gjer gode høve for å skape relasjon og tryggleik, noko som er særsviktig i trusformidlinga.

2020 har, grunna pandemien, i aller høgste grad vore eit annleis år, også i trusopplæringa. Sjølv om dette har ført til mange keisame konsekvensar, har det også gitt tid til nokre digitale satsingar, sjå meir om desse nedanfor.



Bilder av Atelier
Fotograf Hemnes AS

MERKNAD: Når det gjeld tala nedanfor, så er alle som deltok tala med (medlemar, tilhøyrande og ikkje-medlemar). I parentes, like etter talet på deltakarar, står talet på medlemar og tilhøyrande i kullet.

TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

1 ÅR: DÅPSSAMTALE OG GUDSTENESTE

Dette er det første tiltaket i trusopplæringsplanen vår. Det er presten som har hovudansvaret for å gjennomføre dette. I 2020 blei 7 barn døypte.

1 ÅR: BABYSONG (FELLES MED FALNES)

Babysong er eit veldig populært tiltak og som oftast er kursa heilt fulle. Det fyste kurset starta i januar. Vi klarte å gjennomføra 8 av 10 samlingar før alt blei avlyst pga. korona. Vi kunne heller ikkje arrangere dropin-kurs etter påske. På hausten hadde vi nytt kurs, men da med eit mykje lågare tal deltakarar av omsyn til smittevern. Det blei ikkje servert mat eller drikke, men deltakarane blei oppfordra til å ta med eigen lunsj. På hausten arrangerte Kopervik menighet førstehjelpskurs. Dette fekk våre deltakarar også tilbod om å være med på. Totalt var det 26 babyar + en forelder som deltok på dei to babysongkursa.

1-3 ÅR: DÅPSHELSING

Alle døypte mottar ei helsing frå kyrkjelyden den månaden det er eitt, to og tre år sidan dåpen. Det er kateket som organiserer dette og servicetorget som sender helsingane ut med posten.

2 ÅR: KRØLLEKVELD (FELLES MED FALNES)

Avlyst grunna restriksjonar og smittevern knytte til korona-pandemien.

3 ÅR: VIRVEL (FELLES MED FALNES)

Ein ettermiddag på hausten blei 3-åringane invitert til Virvelsamling saman med foreldre/føresette på Falnes menighetshus. Gjennom leik, song og medverknad ynskjer vi at barna skal bli godt kjende med forteljinga «Jesus stiller stormen» og «Jesus og borna». Samlinga blei avslutta med kveldsmat. Alle fekk også med seg heim den flotte boka «Jesus stiller stormen» laga av Linda Meistad. Det var ingen barn frå Ferkingstad 0 (7) som deltok dette året. Frå Falnes deltok 5 (27) barn.

4 ÅR: SKATTEJAKT OG UTDELING AV BARNEBIBEL

Pga. korona kunne vi ikkje ha skattejakt i kyrkja slik vi pleiar. I staden for tok vi noko av skattejakta inn i gudstenesta. Vi fekk besøk av Tyven og Politimannen og i preika brukte vi eit dramastykke som heiter «Slemmesakk», som handlar om Sakkeus. Dette blei ei veldig kjekk gudsteneste. Det var 8 (10) barn som tok imot barnebibelen.



4-9 ÅR: PÅSKEKLUBBEN -DIGITALT TILTAK (FELLES MED FALNES)

Påskeklubben blei vår fyste digitale satsing dette særskilte året.

Gjennom Påskeklubben skal barna bli godt kjende med påskens bodskap. Med hjelp av appen «Barnebibelen» skal dei bli kjende med ulike bibelforteljingar som står i samanheng med påskebodskapen. Målet er også at tiltak skal vere noko kjekt heile barnefamilien kan gjere saman i påskeferien. Vi ønskjer å leggje til rette for trusopplæring og truspraksis i heimen.

Vi har brukt Facebook som plattform og oppretta ei gruppe som folk meldte seg inn i. Kvar dag f.o.m. palmesøndag t.o.m. 1.påskedag la vi ut nytt innhold. Kvar dag bestod av: dagens intro, dagens app-lesing, dagens quiz, dagens bøn og dagens utfordring.

Påskeklubben hadde 256 medlemar. Vi sende ut ein eigen invitasjon på SMS til foreldre/føresette som hadde barn mellom 4-9 år som hadde deltatt i trusopplæringa det siste året. Vi la det også ut på foreldregruppa i tweensklubben Smiley, den blei delt på kyrkjelyden si Facebook side og heimeside. Litt medieomtale fekk vi og!

Lenke til «Påskeklubben Falnes og Ferkingsstad»:

<https://www.facebook.com/groups/162907721501602>



4-9 ÅR: PINSEGJENGEN -DIGITALT TILTAK (FELLES MED FALNES)

Sidan ein del av trusopplæringstiltaka måtte avlysast dette året var det kjekt å få lov til å lage digitale løysningar med fokus på dei store høgtidene.

Gjennom Pinsegjengen skal barna bli godt kjende med kva pinse er og kvifor vi feirar det. Dei skal få god kjennskap til kven Peter var, og dei skal lære om symbola for Den heilage ande. Med hjelp av appen «Barnebibelen» skal dei bli kjende med ulike bibelforteljingar som står i samanheng med pinsen. Målet er også at tiltak skal vere noko kjekt heile barnefamilien kan gjere saman. Vi ønskjer å leggje til rette for trusopplæring og truspraksis i heimen.

Vi har brukt Facebook som plattform og oppretta ein gruppe som folk meldte seg inn i. F.o.m. pinseften t.o.m. 2. pinsedag la vi ut nytt innhold. Kvar dag bestod av: dagens Peter, dagens bibelapp, dagens symbol, dagens gjest og dagens quiz. Pinsegjengen hadde 77 medlemar

Vi sende ut ein eigen invitasjon på SMS til foreldre/føresette til dei mellom 4-9 år som hadde deltatt på trusopplæring det siste året. Vi la ut invitasjonen i Påskeklubben, i foreldregruppa til tweensklubben Smiley, på kyrkjelyden si Facebook side og heimeside.

Lenke til «Pinsegjengen Falnes og Ferkingsstad»:

<https://www.facebook.com/groups/600547314175389>

5 ÅR: BARABBAS SAMLING (FELLES MED FALNES)

Sjølve tiltaket blei avlyst (grunna korona), men blei på sett og vis gjennomført likevel. Vi laga eit gratis 'gjer-det-heime-opplegg' som vi køyrdet rundt til kullet med. Dette blei promotert gjennom ein video ('Barabbas på hjul').



5 ÅR: INTRO SØNDAGSSKOLEN

Avlyst grunna restriksjonar og smittevern knytte til korona-pandemien.

6 ÅR: INTRO SEIER

Tiltaket er eit samarbeid med barnekoret Seier på Betania bedehus. 6-åringane vert inviterte til to intro-øvingar med barnekoret. Målet er at barna – gjennom to intro-samlingar – skal bli kjende med eit kontinuerleg tiltak i kyrkjelyden som dei kan vere med på. Det var 4 (8) barn som deltok. Trusopplærar var med på samlingane. Samarbeidet med Seier fungerer godt.



6 ÅR: SKOLEBOLLEFEST

På Skolebollefesten deltok 7 (8) barn saman med sine foreldre/føresette. På samlinga handla det om trylling, forteljinga om da Jesus mette 5000, bøn, leik og sjølvsgagd åt vi skulebollar. Målet med samlinga er at barna skal lære at dei er viktige for Gud akkurat som dei er og med det dei kan. Vi ynskjer og at dei skal få oppdaget at Gud kan gjere store ting ut av små ting, og at dei kan be til han om kva dei vil. Intro tCrew konfirmantar var med som hjelpeleierar.



6-12 ÅR: ADVENTSHELG -DIGITALT TILTAK (FELLES MED FALNES)

Vi er stolte og glade for at vi dette året har laga tre store digitale trusopplæringstiltak. Dette har vore kjekt og spennande arbeid.



I Adventshelg ønskjer vi å formidle juleevangeliet gjennom ulike forteljingar. Barna skal lære kva advent betyr og kvifor vi feirar jul. Målet er også at tiltaket skal være noko kjekt heile barnefamilien kan gjøre sammen dei fire søndagane i advent. Vi ønskjer å leggje til rette for trusopplæring og truspraksis i heimen.

Vi har brukt Facebook som plattform og oppretta ei gruppe som folk meldte seg inn i. Filmane blei lagde ut på Vimeo. «Adventshelg Falnes og Ferkingstad» fekk/har 311 medlemar.



De tre første helgane i advent blei det lagt ut ein film, quiz, «gjett-kven-video» og ein film der fire jenter frå Ferkingstad tente lys og song. Den fjerde samlinga fekk form av ei skolegudsteneste. Sidan alle skolegudstenestene før jul måtte avlysast, spurde skulane etter ei digital løysing. Vi valte å leggje dette inn som den fjerde samlinga i Adventshelg. Elevar frå alle dei tre barneskulene hadde innslag i form av



song, tekstlesing eller bøn. Vi filma elevane på ulike tidspunkt og sette dette saman til ei digital skolegudsteneste. Elevane så gudstenesta på skulen i løpet av dei siste dagane før juleferien. Skolane fekk også invitasjon til å følgje heile adventshelg-opplegget.

Elles la vi ut invitasjon til Adventshelg på foreldregruppa i tweensklubben Smiley, den blei delt på kyrkjelyden si Facebook-side og på heimesida.

Lenke til «Adventshelg Falnes og Ferkingstad» på Facebook:
<https://www.facebook.com/groups/411121559907098>

7 ÅR: DÅPSSKULE

Dåpsskulen fungerer godt. Grunna restriksjonar knyta til smittevern kunne vi ikkje gjennomføra den sjette og siste samlinga. Vi hadde heller ikkje gudstenesteavslutning. Det var 11 (9) barn som deltok.

8 ÅR: PLAN B NOAH (FELLES MED FALNES)

Det var 10 (14) barn frå Ferkingstad og 23 (36) barn frå Falnes som deltok. Gjennomføringa vellykka. Plan B Noah går over ein heil dag (08-16) på Fredtun leirstad og er lagd til ein planleggingsdag i skulen. Målet er at barna skal bli kjende med Noah-forteljinga og Guds livgjevande plan med han. Også det vanskelege med forteljinga blir snakka om. Vi er veldig takknemlege for alle frivillige som hjelper oss med Plan B tiltaka!

8 ÅR: PLAN B PETER (FELLES MED FALNES)

Avlyst grunna restriksjonar og smittevern knytte til korona-pandemien.

9 ÅR: PLAN B TOMAS (FELLES MED FALNES)

Dette er et nytt opplegg som på lik linje med dei andre Plan B tiltaka går over ein heil dag (08-16) på Fredtun leirstad. Opplegget handlar om Apostelen Tomas, tvil, undring, vedkjenning og misjon. Barna skal bli kjende med forteljinga om Jesu oppstandelse og møtet med Tomas.

Vi var mye ute, og vi hadde barna i kohortar (skolane) når vi var inne. Det var 9 (22) barn frå Ferkingstad og 26 (42) barn frå Falnes som deltok.

9 ÅR: TÅRNAGENTHELG

Målet med tiltaket er at barna skal bli fysisk kjende med og utforske kyrkja si. Dei skal få erfare korleis symbola i kyrkja og det som skjer i gudstenesta heng saman med trua. Eit besøk oppe i tårnet er obligatorisk når du er tårnagent. 17 (22) barn var med på tiltaket.

10 ÅR: INTRO YNGRES

Tiltaket er eit samarbeid med Yngres på Betania. Målet med tiltaket er at tweensane skal bli kjende med eit kontinuerleg tiltak i kyrkjelyden som dei kan vere med på. Gjennom tri samlingar får dei bli kjende med



sentrale forteljingar i Bibelen. Det er eit siktemål at forteljingane skal opplevast som aktuelle i eige liv i dag. Grunna restriksjonar knyta til smittevern fekk vi berre gjennomført ein av tre samlingar. Det var 14 (17) barn som deltok. Samarbeidet med Yngres fungerer godt.

10 ÅR: PLAN B PAULUS (FELLES MED FALNES)



Dette er eit nytt opplegg som fungert veldig godt og var kjekt. Plan B Paulus går over ein heil dag (08-16) på Fredtun leirstad og vert lagd til slutten av skolens sommarferie. Vi brukte uteområdet på Fredtun som eit spillbrett. Barna reiste i Paulus sine fotspor frå by til by. Dei lærte litt om kva som skjedde i byane Paulus besøkte og dei gjorde oppgåver. Etter lunsj tok vi fatt på den lange reisa til Roma, som for oss var Alvaberg. Underveis stoppa vi på «Malta» og hørde om forliset. På Alvaberg snakka vi om misjon og trakk linjer mellom Paulus sine reiser og det at det mange år seinare kunne byggjast ei kyrkje på Alvaberg. Det var 7 (17) barn frå Ferkingstad og 9 (45) barn frå Falnes som deltok.

11 ÅR: IWONDER

iWonder har som mål at barna skal fascinerast av samanhengen som kan finnast mellom tru og vitskap og at trua kan famne alt som er sant, rett og godt. Tiltaket og planen er under utarbeiding og erstattar Kode B som ikkje har fungert særleg godt. Vi planleggar oppstart av tiltaket våren 2022.



12 ÅR: LYS VAKEN

13 (14) deltok. Dette er eit tiltak som mange etter kvart kjenner godt til og som dei gleder seg til å vere med på. Av omsyn til smittevern overnatta vi ikkje. Elles gjennomførte vi som vanleg, med leikar, Jesus som 12-åring i tempelet, mat, prat om bøn, og nattkino med snop. Vi hadde med oss nokre flotte konfirmantar frå INTRO tCrew som med-leiarar.



12 ÅR: CAMP FREDTUN (FELLES MED FALNES)

6 (10) frå Ferkingstad og 22 (43) frå Falnes deltok. Tiltaket var nytt i 2019 og fungerte særskilt godt i 2020! Det har komme for å bli, rett og slett. Som namnet seier, er vi på Fredtun leirstad. Vi overnatta ute, mange i hengekøyer under open himmel og nokre i telt. Camp Fredtun har fokus på Den heilage ande, pinse og misjon. Vi spelte Paulusspillet (som vi sjølve har utvikla, sjå Plan B Paulus).



13 ÅR: INTRO LUF

Avlyst grunna restriksjonar og smittevern knytte til korona-pandemien.



14 ÅR: KONFACTION (FELLES MED FALNES)

Avlyst grunna restriksjonar og smittevern knytte til korona-pandemien.



15 ÅR: KONFIRMANTAR 2019/2020

Vi hadde 9 (13) konfirmandar i Ferkingstad kyrkjelyd.

«Målet for konfirmasjonstida er å vekkje og styrke trua som blir gitt i dåpen, slik at dei unge kan leve i forsaking og tru, tilbeding og teneste som Jesu Kristi disiplar i heim, kyrkjelyd og samfunn.»

«Konfirmasjonstida skal gi eit fullstendig oversyn over og eit møte med innhalts-, praksis- og fellesskapsdimensionar i trua, i dialog med livsspørsmåla til konfirmanter.» (Henta frå «Plan for trusopplæring Gud gir-vi deler»)



Gjennom ulike aktivitetar og formidlingsmåtar jobbar vi for at konfirmandane skal oppleve læring, at dei kan stilla spørsmål og at det blir gitt moglegheit for undring og refleksjon. Vi ser også verdien av at fleire i stab og leiarar i ulike kontinuerlege tilbod, som konfirmandane treff gjennom 12 timer med aktivitet, er med på å knyte gode relasjoner til konfirmandane.

Grunna pandemien blei konfirmasjonane flytta til hausten, 19. og 20. september. Samtalegudstenestane gjekk ut av same årsak.

15 ÅR: BROSJYRE TIL KONFIRMERTE 10.-KLASSINGAR

I løpet av september blir det til vanleg sendt ut informasjonsbrosjyre om aktivitetar i kyrkjelyden til dei som konfirmerte seg på våren. Vi valde å ikkje gjere dette i 2020 grunna den usikre situasjonen.

16-17 ÅR: tCrew (FELLES MED FALNES)

1 frå Ferkingstad og 5 frå Falnes er dei innrapporterte tala (avslutta leiarkurs våren 2020), men mot slutten av året var vi oppe i 13 deltagarar (7 jenter og 6 gutter, 1 deltagar frå Ferkingstad). tCrew er eit eittårig leiarkurs som vi har utvikla sjølve. Kurset har fokus på eigen relasjon til den treeine Gud som basis for liv, fellesskap og leiarskap (les: teneste). Målet for kurset er: at ungdommene skal bli tryggare på eige tru og



identitet og ha dette som grunnlag for å vidareutvikle ein leiaridentitet og å integrere ungdommane i kyrkjelydens arbeid. Ein del av leiarpraksisen inn mot trusopplæringa gjekk ut grunna pandemien.

KYRKJE-SKULE-SAMARBEID

Det er gode tradisjonar for samarbeid mellom kyrkje og skule/barnehage på Ferkingstad. Dette er ikkje ei sjølvfølge og vi vil difor takke særleg for dette samarbeidet.

«Vandring gjennom Bibelen for born» i 5. klasse blei gjennomført i mai/juni. Kurset har eit omfang på fire skuletimar.

Før pinse skulle vi ha pinsevandring for 3.klasse i kyrkja. Grunna restriksjonar knyta til smittevern blei dette vanskeleg å få til. Vi lagde difor å ha ei pinsevandring ute. Klassen møtte ved Ferkingstad hamn. Vi hadde pynta med ballongar og flagg på ei stor grasslette.

Vi snakka om dei tre store høgtidene vi har i kyrkja og at pinse er kyrkja sin fødselsdag. Deretter jekk vi til stranda og sat oss oppi ei av «hålene». Her fekk vi besøk av Peter som fortalte litt om livet sitt og om kva som skjedde på pinsedag. Etterpå gjekk vi vidare til den gamle kyrketomta. Her fekk barna høyre om kva som skjedde då lærersveinane blei fylde av Den heilage ande. Vi song nokre songar saman og snakket litt om symbol for Den heilage anden. Barna lærte også litt om den gamle kyrkja som har stått her ned på Ferkingstad. Vi snakka om dåp og misjonsbodet. Til slutt hadde vi nokre koronavennlege leiker. Barna åt matpakken sin før dei jekk tilbake til skulen.

Grunna restriksjonar knyta til smittevern blei det ikkje gjennomført påskevandring, julevandring eller skolegudsteneste i kyrkja dette året. I staden for laga vi tri store digitale trusopplæringstiltak; Påskekubben, Pinsegjengen og Adventshelg. Les meir under trusopplæringstiltak.

Kateket har ikkje hatt samlingar i Sandhåland musikk- og gardsbarnehage dette året.



Elin Grindhaug
Kateket

Rune Richardsen
Trusopplærar

ORIENTERING FRÅ DIAKONIARBEIDER

OM DET DIAKONALE ARBEIDET I KYRKJELYDEN

Nina Merita Eng (bilde) har hatt 30% stilling som diakonimedarbeidar.
Rune Richardsen har hatt 50% stilling som det same.



JUBILANTHELSING

Dei av kyrkja sine medlemar som soknar til Ferkingstad og fylte 80, 85, 90, eller 95 år har fått ei blomsterhelsing av kyrkjelyden.

JULEBESØK PÅ VEA SYKEHJEM

Vart ikkje gjennomført grunna smittevern. Me sende ei samanplantning og helsing til stovene.



FØREMIDDAGSTREFF

Føremiddagstreffa er siste tysdagen i kvar månad, men det har vore arrangert berre 2 treff i 2020 grunna smittevern. Kjøkkendamene gjer ein framifrå innsats på den praktiske sida. Vi er takksame for alle dei som er med som frivillige i kjøkkengruppene.

PÅSKEFRUKOST

Grunna smittevern vart det ikkje påskefrukost i 2020.



BABYSONG 0-1 ÅR (FELLES MED FALNES)

Babysong er eit trusopplærings- og diakonitiltak som diakonen er ansvarleg for. Sjå meir under årsmeldinga til trusopplæring.

MEDARBEIDARFEST

Det var ikkje medarbeidarfest på vanleg måte i 2020. Medarbeidarane vart særskilt inviterte til konsert med familien Løsnesløkken på Kyrkjebakken. Oppmøtet var godt, og det var ein fin konsert.



KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON

Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon vart gjennomført digitalt i 2020. Diakonimedarbeidar oppretta ein innsamlingsaksjon på facebook og det var også mogleg å gje via Vipps og SMS. Konfirmantane fekk i oppgåve å promotere innsamlinga. Vi samla totalt inn 12.652,-.

GRØN KYRKJELYD

Ferkingstad blei Grøn kyrkjelyd i 2020.

Nina Merita Eng
Diakonimedarbeidar

Rune Richardsen
Diakonimedarbeidar

KONTAKTINFORMASJON

Kyrkjelydkontoret har ikkje faste opningstider. Men det er vanlegvis folk å treffa tysdag – torsdag mellom kl: 09.00 – 15.00. Men for å vara sikker på at ein møter rett person er det mogleg å avtala tid ved å ta kontakt.

Soknerådsleiar	Berit Ådland	adlandberit@gmail.com	97312471
Ferkingstad kyrkjelyd / Servicetorget		(Open man.-fred. kl: 08.00–15.00)	52810001
Dagleg leiar	Ole Thomas Fidjeland	ole.thomas.fidjeland@karmoykirken.no	97124103
Sokneprest	Thor André Lindstad	thor.andre.lindstad@karmoykirken.no	48154228
Kantor	Lars Inge Tjøstheim	lars.inge.tjostheim@karmoykirken.no	95440869
Kyrkjetenar	Jane Sandve	jane.sandve@karmoykirken.no	90580413
Kateket	Elin Grindhaug	elin.grindhaug@karmoykirken.no	41506781
Diakon	Janne Kristine Eng	janne.kristine.eng@karmoykirken.no	48255674
Diakon (vikar)	Nina Merita Eng	nina.eng@karmoykirken.no	45614126
Trosopplærer	Rune Richardsen	rune.richardsen@karmoykirken.no	92068682
Kyrkjebakken	Irene Tveit (booking)		41336182
Fredtun leirstad			40213378
Arbeidsleiar kyrkjegard	Edvar Kalstø		95025665

